

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
037/2018	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	13.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Andreas Granli	18/294	18/8308

Søknad om støtte frå kommunalt viltfond til bygging av åtebu/jaktbu

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Bakgrunn

Radøy kommune mottok 22. februar 2018 søknad om viltfondsmidler frå Søre Radøy grunneigarlag. Det er søkt om 6800 kr frå viltfondet til kjøp av material, lyskastar og revevarslar til åtebu/jaktbu montert på hengar. Tilhengaren er ikkje med i søknadssummen då den er kjøpt tidlegare. Søknadssummen skal dekkja materialkostnadane og bygging vert gjort på dugnad.

Saka var oppe i underutvalet 13. mars. På møte i underutvalet vart det vedteke at ein skulle senda ei positiv tilråding på halve søknadssummen til hovudutvalet for avgjerd.

Vurdering

Revebestanden på Radøy er i vekst og kommunen får fleire telefonar kvart år om rev som tek lam. Reven er eit utfordrande dyr å jakta på og åtejakt nattetid er ofte den mest eigna jaktforma. Revejakt med bruk av åte er effektivt, likevel vert det ofte lenge mellom kvar gong ein ser rev. Jakta er meir effektiv med åtebu, då det vert vanskelegare for reven å sjå og lukta jегaren. Vidare er det positivt for den som sit og ventar å ha ein god plass å sitja.

Revejakt er ein billeg og sikker måte for unge å begynna med jakt. Jakta går roleg for seg og ein har godt klarlagte skytesektorar. Mange jegerar startar med småviltjakt då det er langt enklare å finna terreng for revejakt enn hjortejakt. I Nordhordland er tilbodet ikkje like godt som i andre delar av landet, eit organisert tilbod er difor viktig for rekrutteringa. Jegerar som startar med småviltjakt fortset ofte med storviltjakt.

Underutvalet for vilt og innlandsfiske stiller seg positiv til søknaden og til å støtta tiltaket. Søknaden er ryddig og godt grunngitt. Underutvalet ser på tiltaket som eit prøveprosjekt og ikkje som noko som set presedens. Det bør stillast krav til liste over dei som har nytta bua i jaktseasonen.

Viltfond

Kommunalt viltfond er regulert av Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Viltfondet får inn midlar gjennom fellingsavgifta på hjort, valda betalar 300 kr for vaksne dyr og 180 kr for kalv. Tidligare, åra 2006 – 2013, vart det felt bortimot 250 dyr årleg. Dei siste to åra har fellingstalet endt på 195-200 dyr i året, det tilsvarar om lag 50 000 i årleg

inntekt for fondet.

I dag står viltfondet i ca. 317 000 kroner. Forskrifta og lokale retningslinjer regulerer bruken av viltfondet til tiltak som fremjar viltforvaltning, kunnskap om viltet, jaktorganisering, utgifter til handtering av skadd vilt og fallvilt, og tiltak for å førebyggja skader på landbruksnæringa forårsaka av vilt. Lokale retningslinjer ligg ved.

Radøy kommune har tidligare støtta m.a. aktivitetar knytt til opplæring og auka kunnskap hjå lokale jegerar (kurs, samlingar, jegerprøve) og har støtte tiltak og arrangement i tilknytning til utdanning av godkjende ettersøkshundar med viltfondsmidlar.

Konklusjon

Det omsøkte tiltaket kan støttast av viltfondmidlar og er eit positivt tiltak for jegerane på Radøy og omegn.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd 3400 kroner i tilskot frå Radøy kommune sitt viltfond til bygging av jaktbu for revejakt.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 037/2018

PLT - handsaming:

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

PLT - vedtak:

Det vert løyvd 3400 kroner i tilskot frå Radøy kommune sitt viltfond til bygging av jaktbu for revejakt.

Vedlegg:

retningslinjer for viltfondet i Radøy kommune (L)(45900)

Søknad viltfondet